



GOL KOMMUNE
Gamlevegen 4
3550 GOL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Irene Tronrud, 32266819

Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren i rapporteringsåret 2021 - Gol kommune

Gol kommune har alvorlege avvik frå krav i løyvet i rapporteringsåret 2021.

Verksemda overheld ikkje krav om sekundærreinsing ved Gol avløpsreinseanlegg. Gol kommune er i prosess med å bygge nytt reinseanlegg, og fekk 7. april 2022 dispensasjon frå vilkår om reinsekrav og krav om akkreditert prøvetaking jf. eiga sak 2021/30224.

Så lenge Gol avløpsreinseanlegg i Gol kommune ikkje driv i tråd med løyve gitt i eller i medhald av lov, er nye løyve til påslepp, eller avtale om auka påslepp til avløpsreinseanlegget, private eller bedrifter, rekna som eit forsettleg brot på løyvet.

Rapporteringsskjema for 2022 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2023.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken viser til eigenkontroll- og årsrapportar for Gol kommune sitt leidningsnett, samt Gol reinseanlegg og Golsfjellet reinseanlegg for rapportåret 2021.

Leidningsnett til Gol reinseanlegg

Gol kommune har rapportert at leidningsnettet til Gol reinseanlegg har 6 installerte naudoverløp, og ikkje har installerte regnvassoverløp. Det er rapportert om 3 tilfelle med naudoverløp med snitt driftstid på 17,3 timar til Hallingdalselva. Det er ikkje rekna ut mengde ureinsa avløpsvatn i overløp og mengde fosfor sloppe ut i skjema for årsrapport. Kommunen må rapportere rett for 2022 ved overløp må mengde ureinsa avløpsvatn samt mengde fosfor sloppe ut reknast ut.

Gol reinseanlegg

Det er for 2021 rapportert at Gol reinseanlegg har tatt imot 299 289 m³ avløpsvatn og at 1 335 m³ har gått i overløp. Avløpsvatn i overløp utgjer 0,44 % av alt vatn inn til reinseanlegget. Mengde avløpsvatn tatt imot ved anlegget er redusert med 13 % samanlikna med tall for 2020.

Vidare er også mengde vatn i overløp mindre enn for 2020, og er redusert med 50 %.



Gol reinseanlegg klarar reinsekravet for fosfor på 93 % for 2021. Dette er en forbetring frå føregåande år.

Når det gjeld sekundærreinsekravet, er Gol reinseanlegg også i 2021 langt frå å klare reinsekravet for BOF₅ på 70 % eller 25 mg O₂/l og KOF_{CR} på 75 % eller 125 mg O₂/l. Dette er eit gjentakande alvorleg avvik. Gjennomsnittleg utrekna reinsegrad er i 2021 på 60 % for BOF₅ og 71 % for KOF_{CR}. 11 av 12 prøver overheld ikkje konsentrasjonskravet eller kravet til reinsegrad for BOF, og 10 av 11 prøver på KOF overheld ikkje nokon av reinsekrava.

Gol kommune rapporterer at Gol avløpsreinseanlegg har krevjande drift med svært høge konsentrasjonar av BOF, KOF og fosfor og at dette skuldast påslepp frå Nortura slakteri. Kommunen opplyser at ny påsleppsavtale for Nortura er under utarbeiding. Kommunen vurderer vidare at nytt utsleppsløyve for Nortura (gitt av Statsforvaltaren) vil gi betre driftssituasjon/reinsresultater for Gol reinseanlegg.

Gol kommune opplyser at anlegget er under ombygging, for etablering av sekundærreinsetrinn. Kommunen fekk 7. april 2022 dispensasjon frå vilkår om reinsekrav og krav om akkreditert prøvetaking jf. vår sak 2021/30224.

Leidningsnett til Golsfjellet reinseanlegg

Gol kommune har rapportert at leidningsnettet til Golsfjellet reinseanlegg har 2 installerte naudoverløp, og ikkje har installerte regnvassoverløp.

Det er ikkje rapportert om nokon tilfelle med naudoverløp i 2021.

Golsfjellet reinseanlegg

Det er for 2021 rapportert at Golsfjellet reinseanlegg har tatt imot 36 989 m³ avløpsvatn og at det ikkje har vore overløp ved anlegget. Mengde avløpsvatn tatt imot ved anlegget er redusert med 10 % samanlikna med tall for 2020. Det er første året, som Statsforvaltaren kjenner til, at det ikkje har vore overløp ved Gol avløpsreinseanlegg.

Golsfjellet reinseanlegg har rapportert at dimensjonerande kapasitet for anlegget er 5 100 pe (BOF₅). I 2021 er det rapportert å vere 30 innbyggjarar kopla på leidningsnettet til reinseanlegget. Det er også rapportert om 574 tilknytt fritidsbustadar (ingen auke sidan i fjor). Den målte maksvekebelastninga for BOF₅ i 2020 er 1 188 pe. Det er med andre ord stor variasjon i tilførsel i periodar i høgsesong med mykje hytteturistar, og periodar i lågsesong.

Golsfjellet reinseanlegg klarar reinsekravet for fosfor på 93 % og sekundærreinsekravet for 2021, slik som for 2020. Kommunen rapporterer at anlegget fungerer bra med tilfredsstillande reinsing, men at det er krevjande drift med store variasjonar i innløpsmengder.

Konklusjon

Gol kommune har alvorlege avvik frå krav i løyvet i rapporteringsåret 2021.

Rapporteringa viser at kommunen har store problem med å drive i tråd med løyvet og at brota er alvorlege ved Gol avløpsreinseanlegg. Anlegget klarar ikkje sekundærreinsekravet for 2021. Dette er et gjentakande alvorleg avvik. Kommunen opplyser at anlegget er under ombygging, for etablering av sekundærreinsetrinn. Kommunen fekk 7. april 2022 dispensasjon frå vilkår om reinsekrav og krav om akkreditert prøvetaking jf. vår sak 2021/30224.



Så lenge Gol kommune ikkje overheld krav til utslepp, vil eit kvart nytt påslepp frå nye abonnentar til reinseanlegg som ikkje overheld reinsekrav, private eller næring, bli rekna som ein forsettleg auke i ulovlege utslepp.

Kommunen må rapportere rett for 2022; ved overløp må mengde ureinsa avløpsvatn samt mengde fosfor sloppe ut reknast ut.

Vi tar med dette eigenkontrollrapportane og årsrapportane for 2021 til etterretning.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapportering for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/skjema/arlig-rapportering-for-avlop/>

Rapporteringsskjema for 2022 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2023. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvaltaren skal leggest som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering er tilgjengeleg i vårt skjemabibliotek:

https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-oslo-og-viken/skjema-og-tjenester/miljo-og-klima/avlop--arlig-rapportering/rapporteringsskjema_endelig_oppdatert_statsforvalteren.docx

Eigenkontrollrapportens data om årlege utslepp for avløpsreinsanlegg vil bli lagt ut på nettstaden Norske Utslipp i juni 2022. Sjå <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelinga

Irene Tronrud
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent